



Storhaug Tore
Holmedalsvegen 225
5453 Utåker

Refnr.	Arkivkode	Saksnr.	Saksbehandler	Dato
EGGT7780	GID 246/8	2026/5322	Synneve Skei	ROSENDAL, 30.06.26

Godkjenning av søknad om utslepp

Søknad om utslepp av sanitært avløpsvatn for 246/8 - bustadhus - Storhaug Tore - Holmedalsvegen 220 er godkjent.

Søknad etter plan -og bygningslova

Hugs at utsleppsløyyvet ikkje gir løyve til tiltak som kjem inn under krav til søknadsplikt i plan- og bygningslova. Du kan ikkje starte gravearbeid før du har fått løyve etter plan- og bygningslova. <https://www.nes.kommune.no/contentassets/57522d449d224e69862e6e5ec6d25cb8/soknadsplikt-for-tiltak-pa-va.pdf>

Tillaten løysing

Vi har gitt løyvet til utslepp av sanitært avløpsvatn med heimel i forureiningsforskrifta § 12-5.

Løysinga vi har gitt løyve til, er ein tre kamra Bokn plast slamavskiljar på 4 m³. Avløpsvatnet skal førast ut på minimum 20 meter djupne i straumførande sjø, og bort frå eventuelle brukarinteresser. Løyvet gjeld for ein størst forventa belastning på 4 personekvivalentar (pe).

Det vert gjeve løyve til utslepp på fylgjande vilkår

Kvinnherad kommune har gitt løyvet på bakgrunn av opplysningane i søknaden av 29.06.26

Vilkåra for løyvet er at du skal etablere og drive utsleppet frå 246/8 i samsvar med

- krava i forureiningsforskrifta §§ 12-7 til 12-13
https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-06-01-931/KAPITTEL_4#KAPITTEL_4
- forureiningslova § 24, eigar av anlegget er ansvarleg for drift og vedlikehald. Du må følgje drift -og vedlikhaldsinstruksen for avløpsanlegget. Løyve er berre gyldig så

lenge du føl og opprettheld den eller tilsvarande avtale.

- opplysningane i søknaden av 29.06.26

Andre krav utanom standardvilkåra

- Etablering av stikkledningar er søknadspliktig etter plan -og bygningslova. Ta kontakt med avdeling for byggesak og geodata dersom de treng rettleiing eller har spørsmål.
- Dersom etablering av stikkledninger og kummar kjem på andre grunneigar, må grunnavtale på plass før arbeidet kan ta til.
- Avstanden frå slamavskiljar og fordelings -eller pumpekum til tømme plass må vera tilgjengeleg for tømning. Tømmeavstand skal ikkje overstige 100 meter, her må høgdemeter takast med i vurderinga.
- Slammet må tømast og leverast av lovleg renovatørfirma.
- Tanklokket skal vera forsvarleg sikra til ein kvar tid. Dei skal ikkje dekkast til, men vere tilgjengeleg for inspeksjon og tømning.
- Takvatn / overvatn må ikkje førast til avløpssystemet.
- Anlegget må ikkje verta nytta som avfallsdunk. Kjemikalier (plumbo, avløpsåpner, klorin etc), fett, matrester, våtservietter, q-tips osv skal ikkje kastast i toalettet.
- Er arbeidet ikkje starta opp innan tre år etter at løyve er gjeve, fell godkjeninga vekk.
- Pålegg om påkobling av offentleg nett er eit krav dersom det seinare vert etablert i nærleiken.
- Følgje serviceavtale på avløpsanlegget
- Anlegget må følge krav til funksjon, teknisk utforming og drift -og vedlikhald i Miljøblad nr. 48 <https://www.va-blad.no/wp-content/uploads/2014/10/Blad-48-14.08.14.pdf>

Lista over er ikkje uttømmende

Ferdigmelding etter forureiningsforskrifta

- Godkjenning av utsleppsløyve må på plass før søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova.
- Avløpsanlegget kan ikkje takast i bruk før det føreligg ferdigattest frå kommunen, viser til SAK10 § 8-1.
- Straks arbeidet med avløpsanlegget er ferdig, skal ferdigmelding etter forureiningsforskrifta sendast inn. Det vert ikkje gitt ferdigmelding (gjeld også midlertidig) på tiltaket før vilkåra i utsleppsløyve er oppfylt.
- Saman med søknaden om ferdigmelding skal du sende inn eit kart i målestokk 1:500 eller 1:1000. Kartet skal vere målsett, og det må vise kummar, grøfter og tømme plass. Alternativt kan du sende inn koordinatane
- Alle ledningar skal målast inn i hht. Ledningsregistreringsforskrifta og VA-norm for Kvinnherad kommune. Innmålingsdata inkl. foto skal sendes til va@kvinnherad.kommune.no
Bileta og innmålingsdata er nyttig dokumentasjon i ferdigmeldinga.

Lista over er ikkje uttømmande

Kommunen har høve til å gå tilsyn både før og etter anlegget er bygd.

Vurdering av søknaden

Saka gjeld eit utslepp frå gbnr 246/8 der det er sendt inn søknad om utslepp frå eit eksisterande avløpsanlegget etablert i 1991–92 for eit bustadhus. Det er i søknad vedlagt ein fagrapport frå eigar av anlegget. Opplysningane i rapporten er basert på synfaring, egne observasjonar, tilgjengelege bilete og informasjon frå tidlegare eigar/familie.

Det er sendt inn søknad etter plan -og bygningslova om eit tilbygg med nytt bad, noko som utløyste krav om godkjent utsleppsløyve.

På etableringstidspunktet av anlegget på 1991-92- tallet, var det ikkje eit krav om eiga utsleppsløyve for denne typen anlegg, derfor finst det ikkje eit utsleppsløyve i arkiva til kommunen. Eigar av avløpsanlegget har utarbeida ein fagrapport som er gjennomgått av Into Røyr AS som er ansvarleg søker for søknad om utslepp.

Det er opplyst om at slamavskiljar som skal nyttast har ein storleik på 4 m³. Løyvet gjeld for ein størst forventa belastning på 4 personekvivalentar (pe). Ansvarleg søker for tiltaket er Into Røyr AS. Klarvatnet skal førast ut i eksistrande utsleppsleidning. Utsleppspunktet er dokumentert ved bruk av undervassdrone. Det er opplyst at den ligg på 8,3 meters djupne. Vidare er det opplyst at det ikkje er registrert badestrender eller andre kjente brukarinteresser i nærleiken av utsleppspunktet.

Kommunen har brukt nettsidene Kommunekart og Vann-nett for å vurdere ulike aspekt. Det ikkje registrert brukarinteresser som bade plass, fiskeplass, rekreasjon eller næringsversemnd i nærleiken. Det er heller ikkje registrert kulturminner eller andre miljøregistreringer i området.

Utsleppet skal førast ut i Skåneviksfjorden. Denne vassførekomsten er i Vann-nett definert med svært god økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand. Vi vurderer at utsleppet frå eit bustadshus på 4 pe ikkje utgjør så stor belastning på resipienten at det vil vera naudsynt med anna reinseteknologi enn ein slamavskiljar for dette utsleppet.

Minner om at endring i kunnskapsgrunnlaget kan gjera at vi vil vurdere andre utslepp ulikt og at kvart enkelt utslepp vert vurdert kvar for seg i same området. Framtidige lovendringar kan utløyse krav om oppgradering av løyve i høve anlegget sin dimensjon, reinseeffekt og utforming.

Forureiningslova

Når vi avgjer om ei eining skal få utsleppsløyve og vi set vilkår, vurderer vi ulempene med forureininga saman med fordelene og ulempene som tiltaket ellers fører med seg.

Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027, med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9

eller § 10 i forskrifta. Før tiltak i vassførekomst, ta kontakt med kommunen.

Tømmefrekvens:

Tankeigar skal følgje dei ordinære slamtømmingane som er fastsatt i kommunen si *Forskrift for innsamling av hushaldsavfall og tømming av slamavskiljarar og tette tankar*
https://sim.as/wp-content/uploads/2014/10/forskrifter_alle_komm_0708.pdf

Kommunen har gjort søk i SIM sin database. Søket viser at slamavskiljaren har vore utanfor tømmeystemet med fritak, då det er opplyst om at huset ikkje er i bruk. De er viktig at avløpsanlegget vert lagt inn i tømmeordninga igjen når huset kjem i bruk att.

Drift og vedlikehald

Tankeigar er ansvarleg for forskriftsmessig drift og vedlikehald slik at krava i dette utsleppsløyve vert halde, viser til § 24 i forureiningslova.

Utsleppsløyve føl eigedomen ved eigarskifte.

Ved eigarskifte må ny eiger sende inn underteikna service og vedlikehaldsavtale til kommunen.

Det er opplyst av eigar at det ikkje registrert tilbakeslag, overbelastning eller andre kjende driftsproblem ved anlegget, og avløpssystemet fungerer etter det eigar kjenner til normalt.

Du kan klage på vedtaket

Du kan klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker. Hugs å grunngje klagen og før opp kva endringara du ynskjer. Send klagen til post@kvinnherad.kommune.no

Du har rett til å sjå dokumenta i saka

Du har også rett til å sjå alle dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19.

Har du spørsmål ?

Dersom du har spørsmål til saka, kan du kontakte saksbehandlaren vår
synneve.skei@kvinnherad.kommune.no eller mobil 901 46 818

For kommunedirektøren i Kvinnherad kommune

Med helsing

Synneve Skei
miljøkonsulent, avdeling byggesak og geodata

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskift.

Kopi til:

Navn	Adresse	Postnummer	Sted
INTO RØYR AS Att: Eikeland Øystein	Sundsvegen 77	5450	SUNDE I SUNNHORDLAND
KVINNHERRAD KOMMUNE Att: Erick Trondsson Alvarado Kjelle vold	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
SUNNHORDLAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK IKS Att: Trine Tverborgvik	Meatjønnsvengen 43	5412	STORD